

HAUGALAND KRAFT NETT AS
Postboks 2015
5504 HAUGESUND

Vår dato: 23.03.2021
Vår ref.: 201913020-22
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Sondre Moe Knudsen
22959303/somk@nve.no

NVE har gjeve Haugaland Kraft Nett samtykke til oreigning for nye sjøkablar og luftleidning over Stokksundet

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) syner til søknad av 22.03.2020 frå Haugaland Kraft Nett.

NVE har, etter ei samla vurdering, funne at dei samfunnsmessige fordelane som vert vunne ved anlegget omhandla nedanfor, utan tvil er i overvekt i høve til skader og ulemper som vert påført andre. For nærare grunngjeving for vedtaket syner NVE til notatet "Bakgrunn for vedtak" av i dag.

Med heimel i lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959, § 2 nr. 19, og mynde gjeve ved kgl. res. 05.11.1982, gjev NVE med dette Haugaland Kraft Nett løyve til å krevje avstått i Bømlo og Stord kommunar i Vestland fylke naudsynt grunn og rettar for å byggje og drifte to 132 kV sjøkablar, ein ca. 290 meter lang luftleidning, samt til å rive ca. 340 meter luftleidning.

Løyvet gjev rett til oreigning av bruksrett for følgjande areal:

- Kraftleidningsgata. Naudsynt areal for framføring av ca. 290 meter 132 kV kraftleidning, inkludert mastefeste. Klausuleringsbeltet utgjer normalt om lag 29 meter.
- Sjøkabeltraseen. Naudsynt areal for framføring av totalt 3 km med to parallelle 132 kV sjøkablar. Klausuleringsbeltet utgjer normalt om lag 12 meter.
- Naudsynt tilkomst, ferdsel og transport. Dette gjeld mellom anna rett til tilkomst, ferdsel og transport av utstyr, materiell og menneske på eksisterande privat veg mellom offentleg veg og leidnings-/stasjonsanlegg, i terrenget mellom offentleg eller privat veg fram til leidningsanlegga og terrengtransport i leidningstraseen. Bruksretten gjeld òg for uttransportering av tømmer som vert hogd i traseen, naudsynt transport som følgje av riving av eksisterande leidningar og uttransportering av gammalt materiell. Bruksretten gjeld òg landing med helikopter.

Kraftleidningstraseane skal i det vesentlege vere som vist med stipla blå og røde strekar på kart merket «Kraftleidningstraseer».

NVE føreset at Haugaland Kraft Nett freistar å kome fram til minnelege ordningar grunneigarar/rettshavarar som vert råka. Det er ein føresetnad at De gjev melding til

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



grunneigarar/rettshavarar om oreigningsløyvet, jf. forvaltningslova kap. V. Vi ber om at vedlagde orienteringsbrev med NVE si påteikning vert sendt grunneigarar og rettshavarar snarast.

Det er mogeleg å klage på avgjerda, sjå orientering om rett til å klage på siste side i vedlagte oversendelsesbrev. Eventuelle klagar vert sendt til dykk for uttale før saka vert lagt fram for Olje- og energidepartementet.

Oreigningsløyvet fell vekk dersom det ikkje er sett fram krav om skjøn innan eitt år frå endeleg vedtak, jf. oreigningslova § 16.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.